

Fra: Grønnevik, Elisabeth Holme (ekn@bomlo.kommune.no)
Sendt: 10.09.2015 10:25:20
Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak
Kopi:

Emne: mrk den kulturelle spaserstokken 2015/3055
Vedlegg: image001.jpg

Hei


Viser til søknad frå Bømlo kommune, og sender litt informasjon om arrangementa me planlegg:

- I samarbeid med biblioteket vil me skipa til forfattarbesøk tilpassa målgruppa og høgtlesing av ulike bøker. Dette er eit tilbod me trur vil møte god respons hos målgruppa, og gjennom leseomboda, veit me at dette er noko som blir nytta. Me vil også nytta lokale krefter til opplesing og formidling av munnlege forteljingar.
- På biblioteket vil det også bli skipa til eit arrangement med samtale mellom gamle fiskarar. Fokus blir på kysthistorie og opplevingar gjennom eit langt liv. Med oss har me journalist og forfattar Kristine Sele. Me veit av erfaring at dette er eit tema som engasjerer og interesserer, og ein slik samtale mellom fleire personar, styrt av Sele, er noko me trur mange vil ta del i.
- Arrangementet «I manns minne» har etter kvart blitt ein tradisjon. Innhald og program er ulikt, men konseptet er stort sett likt. Dette er noko målgruppa ser fram mot og spør etter, og er, i tillegg til gode opplevingar, ein kjekk og sosial møteplass.
- Institusjonane våre har gjennom året besøk av ulike slag. Nokre er fast inne kvar veke eller kvar månad, andre meir tilfeldige. Gjennom den kulturelle spaserstokken, tilbyr me institusjonane to profesjonelle arrangement årleg (vår og haust). Andre arrangement kjem i tillegg.

Ta kontakt for meir informasjon om de ynskjer det.

Med helsing
Elisabeth Holme Grønnevik
Rådgevar kultur- og idrett

Dir. tlf : + 47 53 42 30 68
Mobil: + 47 911 65 377



Tlf : + 47 53 42 30 00
Rådhuset | 5430 Bremnes
www.bomlo.kommune.no